



Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

20167502-17  
KSK/TOSO 312

## Molde kommune. Statskog Energi AS. Fråsegn til søknad om konsesjon til å bygge ut Bordalselva kraftverk.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Bakgrunn

- Statskog AS vil utnytte fallet i Bordalselva frå kotehøgde 303 ned til eit kraftverk på kote 7.
- Maksimal slukeevne er på 900 l/s. Dette er drøye 220 % av middelvassføringa, som er oppgitt til 402 l/s. Minimum slukeevne er på 45 l/s og alminneleg lågvassføring er rekna til 13 l/s.
- Det er føresett minstevassføring på 45 l/s om sommaren og 15 l/s om vinteren.
- Vassvegen blir om lag 2270 m som skal gravast ned på heile strekninga.
- Til kraftstasjonen blir det bygt ein tilkomstveg på 20 m. Til inntaksdammen skal eksisterande veg opprustast.
- Det er rekna med ein midlare årsproduksjon på ca. 6,7 GWh med installert effekt på 2,2 MW.

### Vurdering

#### *Landskap og friluftsliv*

Influensområdet ber preg av eksisterande inngrep som skogsvegar, plantefelt, grustak, og høgspenteleidning. Nedre del av elva går i kløfter og er lite synleg på avstand, men har fleire tydelege fossefall. Øvre del ligg i meir ope terreng og elva kan sjåast på avstand frå den andre sida av fjorden. Redusert vassføring vil derfor redusere landskapsverdien av vassdraget. Også røyrgate, massdeponi og midlertidig veg vil bli visande i lang tid før dette er attgrodd.

Når det gjeld friluftsliv er særleg øvre del av området nytta, spesielt som innfallsport til turar på fjellet Skåla. Inntak/inntaksdam og røyrgate vil verke negativt på landskapsopplevinga. Vi ser likevel ikkje bort frå at opprusting av vegen til inntaket vil føre til at fleire vil nytte denne som tilkomst til dette fjellområdet.

#### *Fisk*

I innleiande fase av planarbeidet vart Fylkesmannen kontakta om eventuelle opplysningar om tilhøva for fisk i vassdraget. Sidan vi ikkje hadde særskilte opplysningar om vassdraget rådde vi til at dette vart nærare undersøkt. Vi registrerer at elektrofiske er gjennomført på mogleg anadrom strekning, med konklusjon at strekninga er «utan verdi for anadrom fisk».

På utbyggingsstrekninga finst det stasjonær aure typisk for denne typen økosystem. Eit minimum av økologisk driftsvassføring er naudsynt for vasslevande insekt og fisk. Ved ei eventuell utbygging må det derfor sikrast tilstrekkeleg heilårleg minstevassføring.

Det er gjennomført ei omfattande kartlegging av status og utbreiing av elvemusling i Møre og Romsdal i perioden 2009-2013. Fylkesmannen kjenner ikkje til førekomst av elvemusling i Bordalselva.

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

#### *Biologisk mangfald*

Ved søknaden er det lagt ved ein rapport om verknader på biologisk mangfald. I følgje denne er Sprikeskjegg (NT) den einaste registrerte raudlista arten i influensområdet og det er ikkje registrert prioriterte naturtypar. Konklusjonen er at prosjektets influensområde har liten verdi for verdfulle naturtypar og liten til middels verdi for karplantar, mosar, lav, fugl og pattedyr. Konsekvensen for ei utbygging er derfor sett til liten til middels negativ for terrestrisk miljø.

Fylkesmannen har ikkje eigen kompetanse til å utføre registreringar av biologisk mangfald. Vi er derfor avhengig av å kunne stole på dei biologiske undersøkingane som ligg ved søknader om kraftutbygging når vi skal kome med fråsegn til desse sakene. Vi er kjent med at Naturvernforbundet i Møre og Romsdal i brev av 10.12.2015 har kome med krav om ny kartlegging etter at dei har synfart utbyggingsområdet. Dei meiner m.a. å ha funne ei rekke naturtypelokalitetar som vil bli påverka av omsøkte tiltak, der konsulenten ikkje har funne noko. Med bakgrunn Naturvernforbundet sitt brev, og NVEs eigen kontrollrapport (2015) som syner underrapportering av truga artar ved kraftutbygging, reiste vi spørsmål til NVE 27.01.16 om det her trengs ei tilleggskartlegging. Vi registrerer NVEs svar 04.02.16 at dette ikkje vil bli vurdert før høyringsrunden er avslutta. Fylkesmannen vil peike på at det må vere minst mogleg usikkerheit om kunnskapsgrunnlaget når det skal gjerast vedtak i saka. Særleg når det gjeld raudlista artar og viktige naturtypar.

#### *Vassforskrifta*

I Vann-nett er Bordalselva oppført som vassførekomst med god økologisk tilstand. Kraftutbygging vil kunne påverke den økologiske tilstanden. Vi føreset at NVE vurderer dette opp mot § 12 i vassforskrifta (ny aktivitet og nye inngrep).

#### **Forureining**

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

#### **Konklusjon**

Fylkesmannen viser til merknadene over. Ei utbygging av Bordalselva kraftverk vil neppe ha så store verknader på ålmenne interesser som landskap, friluftsliv og akvatisk miljø at vi vil fråå søknaden.

Når det gjeld konsekvensane for biologisk mangfald er det frå Naturvernforbundet reist tvil om kunnskapsgrunnlaget er godt nok med bakgrunn i dei granskingane som er gjort. Fylkesmannen har ikkje eigen kompetanse til å vurdere dette nærare, men vil peike på at det må vere minst mogleg usikkerheit om kunnskapsgrunnlaget når det skal gjerast vedtak i saka. NVE må derfor vurdere om ei tilleggskartlegging skal krevjast. Vi føreset at ei eventuell ny kartlegging blir sendt oss til uttale.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef

Lars Kringstad  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Kopi:**

Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	Molde
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde